

Vår saksbehandlar: Stig Lodve Janbu

Vår dato:
24.09.2019
Dykkar dato:
23.09.2019

Vår referanse:
2019/10185
Dykkar referanse:

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Tilskotsbrev 2019 - tilskot til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar - Lindås kommune

I statsbudsjettet for 2019 er det gjeve ei løyve på 60 millionar kroner til oppstart av rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskolen frå hausten 2019, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Løyvinga skal bidra til at skuleeigar kan ivareta sitt ansvar om å ha rettleiingsordningar lokalt, og styrkje rettleiinga til den enkelte nyutdanna nyttilsette lærar.

Om tilskotet

Kommunar og frittstående grunnskular godkjent etter lov om frittstående skular (friskulelova) kan få tilskot. Tilskotet skal bidra til at nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen får rettleiing av god kvalitet slik at fleire får ein god overgang frå utdanning til yrke og blir værande i skulen.

Tilskotsmottakar kan sjølv velje korleis rettleiinga skal organiserast og gjennomførast, men rettleiinga skal vere i tråd med prinsippa i «Veiledning av nyutdannede nyttilsette lærere i barnehage og skole». Tilskotet skal nyttast til direkte kostnader knytt til planlegging og gjennomføring av rettleiinga. Utgifter til rettleiing ut over det tilskotet dekkjer må finansierast av kommunens/friskolen si eiga ramme.

Med nyutdanna nyttilsett lærar meiner vi ein lærar i dei to første åra etter ferdig grunnutdanning, i fast eller mellombels stilling. Det er berre nyutdanna nyttilsette lærarar som hausten 2019 startar på sitt første år som lærar i grunnskulen man kan få tilskot for.

Kriterium for tildeling

Kommunar og frittstående grunnskular må sende søknad om tilskot.

Tilskotet vert gjeve for eit skuleår om gongen. Tildelingskriteria er dei same for friskular og kommunale skular.

Tilskot

Primo september stadfesta Lindås kommune endeleg tal på nyutdanna nyttilsette lærarar. Tilskot gis som ein fast sats per nyutdanna nyttilsett lærar, der satsen vert berekna ut frå gjeldande løyving til rettleiing delt på kor mange nyutdanna nyttilsette lærarar som totalt vil få rettleiing. Satsen for skuleåret 2019-2020 er kr. 28.076,- og gjeld både for friskular og kommunale skular.

Basert på stadfesta tal på nyutdanna nyttilsette lærarar gjev Utdanningsdirektoratet følgjande tilsegn om tilskot til Lindås kommune for skuleåret 2019-2020:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Veiledning nyutdannede nytilsatte lærere	18,00	Jan-Des	28 076,00	505 368,00
Totalt:	18,00			505 368,00

(Tabellen overfor er automatisk generert frå Utdanningsdirektoratet sitt system for berekning og utbetaling av tilskot.)

Tilskotet vert utbetalt til Lindås kommune (org.nr. 935084733). Beløpet vert overført til kontonummer 32010589311 ultimo september.

Hele tilskotet vert utbetalt no men skal brukast gjennom skuleåret 2019-2020.

Rapportering

Tilskotsmottakar skal etter å ha mottatt eventuell førespurnad frå Utdanningsdirektoratet rapportere på:

- Tal på nyutdanna nytilsette lærarar i grunnskulen som har fått rettleiing
- Tal på timar med rettleiing som er gjeve - individuelt og/eller i gruppe
- Om rettleiinga er gjeve i tråd med prinsippa i «Veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole»

Tilsegn om tilskot er gjeve med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2019.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta i samsvar med dei fastsette vilkåra, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos tilskotsmottakar for å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Lindås kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for tilskotet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskot eller krevje det tilbake. Ved feil i utrekning eller i utbetaling av tilskotet kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar, eller tilskot kan krevjast betalt tilbake til Utdanningsdirektoratet.

For regelverk og annan informasjon viser vi til Utdanningsdirektoratet si nettside

www.udir.no

Med helsing

Bjørn Erik Rasmussen
avdelingsdirektør

Stig Lodve Janbu
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.